








# Eikefjord DAGANE

## 15.–17. august 2014



«Veltepetter» KORIANDER

«Elias» Good Time Charlie

«Gråtass» SPLINT Klatretårn

Olav Stedje Dyreutstilling

«Kjellen» frå KLYPA GoKajakk

GENERALSPONSOR




# ...der hjartet er!

Hald kontakt med heimplassen gjennom eit abonnement på lokalavisa DI.

Firdaposten

*kystavisa*

Tlf. 57 75 73 00

# Velkomen!


GoKajakk
Foto: Joachim Vie


«Elias»
Fotograf: Hege Qvikstad Eek


Dyreutstilling


«Gråtass»


Ansiktsmåling


Tohjulstraktor


«Veltepetter»


Tur med brannbil


Koriander


«Kjelen» frå Klypa


Klatretårn
Foto: Joachim Vie


Bråstopp



# Eikefjorddagane 2014!

I skrivande stund er vi godt i gang med planlegginga av dei 12. Eikefjorddagane, som vert arrangert 15.-17. august 2014. Dagane har i alle desse åra vorte arrangert helga før skulestart, noko som har vist seg å vere eit godt tidspunkt for oss.

Også i år skal sjølvsagt dagane markerast med eit innhaldsrikt program for alle aldersgrupper. Vi har eit variert barne- og ungdomsprogram med bl.a. dyreutstilling, veterantraktor, båten «Elias», ansiktsmåling og hesteriding. Nytt av året er klatretårn og kajakk. På laurdag vert det også ei oppvising med ein av Noregs beste gokartkøyrarar, Cedrik Fonn Skåre.

På Eikefjorddagane kan ein få med seg underhaldninga i messeteltet, kjøpe rømmegraut eller ein god grillmeny, og ta ein handletur rundt på marknaden. Der kan ein mellom anna kjøpe kortreist mat, handverk og kunst.

Direktør i Lotteri og stiftelsetilsynet Atle Hamar vil stå for opninga av dagane fredag, og samtidig dele ut Eikefjordprisen. Det vert sjølvsagt gratis kakebord i år også, før kunstutstillinga på Magnhildbua opnar kl. 18.00.

I år er det den dyktige kunstnaren Solveig Haukaas som kjem med sine unike emaljebilete og smykke.

Kyrkjekonserten fredag kveld (kl. 20.00) vert i år med Koriander, som har med seg musikarane Steinar Karlsen, Dag Øivind Rebnord, Laila Beathe Førde og Trond Strand. I messeteltet fredag kveld vert det allsong og god stemning med bandet Gran Prix. Ein sikker vinnar frå i fjor! For ungdommen er det Drive-in kino på Eikefjord stadion kl.22.00.

Laurdag kl. 10.30 startar marknaden. I sentrum har vi mellom anna kunstutstilling og ulike sals- og informasjonsstander både innandørs og utandørs. Vi har også eit stort telt med mange matprodusentar. Nytt av året er at det og blir marknad med god variasjon av spennande handverkarar i storsalen på Allhuset.

Av underhaldning laurdag går Good Time Charlie på scena kl. 13.00 med eit familieprogram. Her blir mange kjente melodiar frå nynorsk barne-tv. Lattermusklane skal få fart på seg når "Kjellen" frå Klypa kjem kl. 14.30. Karen frå Sunnmøre treng ikkje vidare presentasjon - det fiksar han sjølv! Dansen laurdag kveld blir som vanleg på Langedalsbua, med det spanande danseorkester "Splint" som spelar variert og god dansemusikk.

Søndagen startar med marknad og aktivitetar i sentrum kl. 11.30, og kl. 12.00 vert det friluftsgudsteneste på stranda (om vêret tillèt det). Fylkets kanskje mest kjente trubadur og visesongar Olav Stedje held konsert i teltet søndag kl. 14.00.

Denne helga bør ein ta turen til Eikefjord for ei fin oppleving.

**Vi ynskjer alle hjarteleg velkomne!**

Anders Ole Sunnarvik

- Leiar




# God krydderblanding med Koriander og vener

## Eikefjord kyrkje fredag 15. august kl. 20:00



**Dørene opnar kl. 19:30**

**Billettpris:**
Vaksne kr 250
Honnør kr 150
Barn kr 100
(Barn under 6 år gratis)

Førehandssal av billettar hos Spar i Eikefjord.

**Vener:**
Laila Beathe Førde
Dag Øivind Rebnord
Steinar Karlsen
Trond Strand
**Dirigent:**
Brigt Samdal

# PROGRAM
## fredag 15. august

| | |
|---|---|
| Kl. 17.00 | Opning av Eikefjorddagane 2014 |
| | v/ Atle Hamar, direktør i Lotteri og Stiftelsestilsynet |
| | (i messeteltet ved In-spire) |
| | - Gratis kaffi og kaker |
| | - Musikkinnslag med Eikefjord Skulemusikk |
| | - Utdeling av Eikefjordprisen 2014 |
| Kl. 18.00 | Opning av kunstutstillinga i Magnhildbua |
| | Kunstutstillar: Solveig Haukaas (sjå omtale) |
| Kl. 19.00 | Fotballkamp menn senior 5 divisjon: Eikefjord - Askvoll |
| Kl. 20.00 | Kyrkjekonsert med Koriander (sjå omtale) |
| | Dørene opnar kl. 19.30 |
| Kl. 21.30 | Messeteltet i sentrum opnar: |
| | Gran Prix med allsong, dans og mykje moro (sjå omtale) |
| | Inngangsbillett kr. 150,- |
| Kl. 22.00 | Drive-In kino på Eikefjord stadion |








*Frå venstre: Hans Torsvik, Arvid Søreide, Trond Eide.*

**Langedalsbua laurdag kveld!**
Splint er eit band som på kort tid har fått særs rosande omtaler. Bandet vart etablert i 2012, og er samansett av solide og dyktige musikarar med lang erfaring. Både i lag og kvar for seg har dei jobba med ei rekke andre band, studioprosjekt og som backing musikarar for andre artistar.

Splint er ein godt samansveist gjeng beståande av:

Arvid Søreide - gitar og vokal
Trond Eide - keyboard, trekkspel og vokal
Hans Torsvik - trommer og vokal
Bandet sitt varemerke er godt humør og allsidig repertoar. Dei skapar alltid god stemning blant publikum. Alle som har hatt gleda av å oppleve Splint, veit kva kvalitet som ligg i denne gjengen. Den praktfulle stemma til Arvid Søreide og hans karismatiske opptreden gjev meining til uttrykket "opportunity knocks".

# DANSEBUSS

## tur/retur Florø

### Avgang frå Florø laurdag kl. 21:00

### med retur frå Eikefjord kl. 02:30

**Pris kr. 50,- kvar veg**

OBS! Bussen køyrer same veg som rutebussen (via Solheim).

# PROGRAM
## laurdag 16. august

Kl. 10.30 - Marknaden opnar - utstillarar i sentrum og på Allhuset
- Kunstutstillinga på Magnhildbua opnar
- Barneaktivitetar startar

Kl. 12.00 Matstasjonane opnar
- Eikeskogen v/ Eikefjord skulemusikk – grillmat (sentrum)
- Bygdekvinnelaga – rømmegraut, kaffi og kaker (Allhuset)
- Sunnarvika sanitetslag– grillmat (Allhuset)

Kl. 13.00 Barnekonsert med Good Time Charlie (sjå omtale)

Kl. 14.00 Cedrik Fonn Skåre - Gokart-oppvisning (sjå omtale)

Kl. 14.30 Underhaldning frå scena i messeteltet: Kjellen frå Klypa

Kl. 15.00 - Trekning på inngangsbillett
- Trekning av Eike-teikning

Kl. 17.00 Marknaden stenger

Kl. 21.30 Dans med Splint på Langedalsbua (sjå omtale)



***BARNE-AKTIVITETAR:***

- ***Maskoten Eike***
- ***Ansiktsmåling***
- ***Hesteriding***
- ***Dyreutstilling***
- ***Elias-båten***
- ***Gråtass***
- ***Tohjuls-traktor***
- ***Veltepetter***
- ***Bråstopp***
- ***Gravemaskin-køyring***
- ***Kajakk***
- ***Klatretårn***
- ***Fiskekummar***
- ***Teikne-konkurranse (Eike-teikningar)***
- ***Tur med brannbil***
- ***4H-leir***



*Good Time Charlie: F.v. Steinar Karlsen, Morten Skage, Arle Hjelmeland, Einar Olsson.*

# Olav Stedje – over 30 år som artist!



I 1981 dukka vår alles sogning Olav Stedje opp med sin første solo-single «Vi vandrar saman»/«Ta meg med» som vart ein umiddelbar klassikar. Albumet «Ta meg med» selde til edelt metall på kort tid. Stedje blei raskt eit etablert namn og heile Vestlandet sin stoltheit. I dei 33 åra som har gått, har han vore eit kjent og kjært namn for heile det norske folk - på tross av særs lita interesse for publisitet og plateutgjevingar frå hovudpersonen sjølve.

**«Vest for verdas ende»**
Olav si stemme er ei av dei vakraste og mest gjenkjennelege i landet. På «Vest for verdas ende» finn du 12 handplukka melodiar for Stedje si fløyelsmjuke stemme, skrive av bl.a. Svein Dag Hauge, Christian Nystrøm, Elias Muri og Jon-Willy Rydningen. Når og nokre av våre ypparste ordkunstnarar (bl.a. Ingvar Hovland og Finn Tokvam) er med og set ord på det heile, vert «Vest for verdas ende» ei utsøkt Olav Stedje-oppleving.
**Høyr konserten søndag kl 14 i messeteltet i Eikefjord sentrum.**

---

# «Kjellen» frå Klypa



**Thomas Ryste har gjort stor suksess med sine karikerte bygdefigurar i Klypa. Laurdag kl 14.30 kan du oppleve Klypa i messeteltet.**

«Kjellen» er ein makelaus kar. Han er skråsikker på det meste i livet, og er ikkje redd for å sei si meining om det han brenn for, eller om ting som irriterer han.
Kan verte litt vel mykje meining til tider, men det er slik vi likar han! Han vert fort eitrandes forbanna, men like fort blid att, og ingen kan være så smørblid som «Kjellen».
Mest oppteken er han nok av ferjer, ferjesamband, sveler, busslaster med pensjonistar som han køyrer på tur, god dansemusikk, håplause politikarar, osv.

«Kjellen» er den som ifølge seg sjølv, har den høgst mogleg oppnåelege status innan ferjeyrket. Han veit alt om alle og alt, ingen skal lære Kjell «Kjellen» Bigset noko.

# PROGRAM
## søndag 17. august

| | |
|---|---|
| Kl. 11.30 | - Marknaden opnar - utstillarar i sentrum og på Allhuset |
| | - Kunstutstillinga på Magnhildbua opnar |
| | - Barneaktivitetar startar |
| Kl. 12.00 | Friluftsgudsteneste på stranda |
| | (i kyrkja om dårleg vêr) |
| Kl. 12.00 | Matstasjonane opnar |
| | - Eikeskogen v/ Eikefjord skulemusikk – grillmat (sentrum) |
| | - Bygdekvinnelaga – rømmegraut, kaffi og kaker (Allhuset) |
| | - Sunnarvika sanitetslag– grillmat (Allhuset) |
| Kl. 14.00 | Konsert med Olav Stedje i messeteltet |
| Kl. 15.00 | - Trekning på inngangsbillett (i messeteltet) |
| | - Utdeling av Eikefjord idrettslag sine prisar (i messeteltet) |
| | - Trekning av Eike-teikning (i messeteltet) |
| Kl. 17.00 | Marknaden stenger. |





***BARNE-AKTIVITETAR:***

- ***Maskoten Eike***
- ***Ansiktsmåling***
- ***Hesteriding***
- ***Dyreutstilling***
- ***Elias-båten***
- ***Gråtass***
- ***Tohjuls-traktor***
- ***Veltepetter***
- ***Bråstopp***
- ***Gravemaskin-køyring***
- ***Kajakk***
- ***Klatretårn***
- ***Fiskekummar***
- ***Teikne-konkurranse (Eike-teikningar)***
- ***Tur med brannbil***
- ***4H-leir***



## GUUS MOREL – ALM GARD ISKREM

I den vakre bygda Feios i Sogn har dei fått innflyttarar som satsar utradisjonelt. På Alm Gard finn vi Telemarkskyr, høns, grønsaker og bringebær. Med utgangspunkt i eigne råvarer produserar Guus Morel og familien heimelaga iskrem etter tradisjonelle oppskrifter. Nydeleg og velsmakande is laga av frisk mjølk, fløyte og egg, og smakssett med sjølvdyrka frisk frukt. Denne isen inneheld ikkje kunstig aroma, fargestoff eller konserveringsmiddel. Under årets Eikefjorddagar kan du forfriske deg med deilig iskrem frå Alm Gard.




## KANDAL KJØT

Kandal kjøt er ein småskala matprodusent som driv med foredling av geit- og kjekjøtt. Dei held til i Kandal i Nordfjord i Sogn og Fjordane. Bygda, med sine brattlente gardar og luftige fjell, har lange tradisjonar med geitehald. Dei ynskjer å formidle sine produkt, slik at også De skal få kjenne smaken av denne flotte råvara.

## MENES RØYKELAKS

Med turistattraksjonen Sognefjorden som nærmaste nabo produserer Inge Menes norsk røykelaks for kresne ganar. Framgangsmåten er bygd på lange tradisjonar, med dei beste råvarene og krydder henta frå naturen sitt eige kammer.







## FRISK FLORA - SUNN MAT RETT HEIM

Frisk Flora er eit firma som har rein og økologisk mat som grunnsteinar. Dei har ein butikk i Strandgata i Florø der dei sel matvarer, kosmetikk, kaffi, te og snacks. I august lanserer dei sitt nye konsept - Rett Hjem. Her bringer vi samansette middagspakkar heim på døra til kundane.

## BREIM GARDSMAT



ligg i jordbruksbygda Breim få kilometer frå Byrkjelo i Nordfjord. Garden er eit tradisjonelt mjølke- og bærproduksjonsbruk. I tillegg til bær, mjølk og kjøt, vert det produsert ulike slag pølser frå eigne dyr og etter gamle oppskrifter frå distriktet. På garden har dei utsal av sine populære julemiddagspølse, dampepølse og spekepølse, bringebær, jordbær samt saft og syltetøy.

## LOMELDE GARD DA



Sel frukt og bær frå eigen gard ved Sognefjorden.
Heimeside: www.lomelde.no



I den nydelege vestlandsnaturen, på øya Tysnes, lagar Jasper og Nynke dei deilegaste ostane basert på kvalitetsmjølk frå glade og nøgde geiter og kyr som fritt beiter i det varierande fjellandskapet. Handverk, tradisjon og naturlege ingrediensar garanterar deg eit produkt som vil tilfredstille dine høgaste forventningar.



Svanøylaks er eit produkt som berre brukar laks av beste kvalitet frå Marø Havbruk på Svanøy. Dei følgjer livsløpet til laksen frå den er 70-80 gram og fram til ferdig foredla produkt. Her ute driv dei i eitt med naturen og er prisgitt vær og vind, noko som kan vere med på å prege deira unike produkt. Du kjenner det både på konsistens og smak! Og spennande smakar har dei mange av.

## MOR SIGFRIDS BAKST

Bjørg Ingebrigtsen frå Bryggja kjem med sine lefser, flatbrød, natronkaker m.m.





## LAGA MED OMTANKE - GITT MED OMTANKE

***Øvrebø Smykkeverkstad*** vart etablert i 2003 av gullsmed og filigransarbeidar Anne Lise Øvrebø. Verkstaden og galleriet ligg rett ved E39 på Ålhus i Jølster. Godt solid handverk vert i dag kombinert med ny teknologi, dette skapar smykke som har eit eige særpreg. Material som vert brukt er sølv og gull, av og til med innslag av steinar. Det vert jobba med å utvikle gode modellar og kolleksjonar der mange har funne sine favorittar. Enkelte produkt vert laga kun i eit begrensa tal. Det er også muleg å få personleg tilpassa smykke eller få spesiallaga noko som er berre ditt.



## KARI ASTRUP-GEELMUYDEN

er keramikar som bur og har verkstaden sin i Årdal på Jølster. Kari lagar tynn og lekker brukskeramikk. Årets nyheit er ein serie keramikk med rosemønstre frå bunadsforkleet som Kari sine oldeforeldre, Nikolai og Engel Astrup laga.



## EVA KRISTIN PRESTEGÅRD DALE

Eva Kristin Dale er busett i Førde og kjem til Eikefjorddagane med sine unike smykke sett saman av ulike komponentar som: krystall, swarovski, emalje, sølv, ferskvannsperler, zirkonia og capiz. Ho lagar berre eitt eksemplar av kvart smykke. Dei smykka som ikkje er av reint sølv er nikkelfrie. I tillegg til smykkene har ho i år kjoler i ullfilt eller chenille, votter i ullfilt og sjal i nunofilt samt hekla sjal av englemasker og av rein ull (vanleg filting). Ho har også med dekorerte vesker av ull i frå Nepal.



## BENTE GRØNSBERG AASE - LINN THERESE SVARTHUMLE

Handlaga og unike gåver. Bilete, skilt, wall stickers, og mykje anna. Kan hende noko av det dei lagar kan finne sin plass hos deg?
Mobil Bente 40444704 - Linn 97531281.
www.kreativgnist.webs.com





## ÅSE HAVN OG ANITA HAVN JENSEN – SKINN OG STRIKK

ÅSE er vår faste humørspreiar, både ho sjølv og produkta hennar er til å bli glad av. Åse syr vadmelsvestar m/skinndekor, vesker i skinn og vadmel, toalettvesker i skinn, beltepungar., tunica og kappar i ullfilt. ANITA stiller i år som i fjor med fargerike strikkeprodukt som trekantsjal, halsar, vestar etc. i garnkvalitetar som alpakka, merinoull, silke, kasjmir. Anita er nyutdanna frå Høgskulen i Telemark kor ho har studert kreativ maskinstrikking.

# UTSTILLARAR PÅ ALLHUSET

## NADINE GARTHOFF



Nadine er ei tysk kvinne på 35 år, som har budd i Noreg i 5 år. Ho elskar å hekle, og heklar blant anna sko, babytepper, rangler, bamsar og mange andre ting til baby og barn. Dersom det er noko spesielt du ynskjer deg heklar Nadine og varer på bestilling. Alle bamsar er fylt med putefyll og kan vaskast.

## MARIT ANDERSEN - LAPPER, LYS OG ENGEFRYD



Marit Andersen har ein eigen evne til å lage kreative og artige produkt som uttrykkjer glede. Hennar produkt spenner frå bilete og smykker, til vesker og andre pryd- og bruksformer. Ho likar å eksperimentere med nye og annleis materialar, og har i den seinare tid jobba mykje med gjenbruk av utrangert gummi frå traktor- eller lastebildekk. Kom innom Eikefjorddagane og sjå hennar fargesprakande og flotte handarbeid!

## LIV RUDI SUNDE - STRIKK & SLIKT





Liv Rudi Sunde legg stor vekt på kvalitet, både når det gjeld garn og utføring av produkta. Alt er strikka og montert for hand i eit røykfritt miljø.

## INGA SÆTERLID – NATRONKAKE OG GIMPA DÅPSKJOLE



Inga Sæterlid er igjen på plass med natronkakene og lefsene som får dei fleste til å verte mo i knea. Ho veit å ta vare på gamle tradisjonar. I tillegg til å lage natronkaker og lefser, tek ho vare på den meir sjeldne teknikken gimping, som er ein husflidsteknikk. Inga Sæterlid vil ha med seg ein vakker gimpa dåpskjole for sal.

## MED GJENBRUK OG FAIRTRADE I FOKUS!

Om att

Om att er Førdes mest originale butikk, ei skattekiste for dei som ser etter noko annleis! Her finn du m.a.:

- Bruktkle til vaksne og born
- Miljøvenlege og fargerike treleiker
- Redesign vesker, gåveartiklar, smykker m.m. frå heile verda
- Natursåper og vaskenøtter
- Fairtrade-merka sjokolade og cola

Alle kle er vaska og gjort i god stand før sal. Er du heldig, kan du finne designkle, kjolar frå 60-talet, ein brudekjole frå 1920 eller eit slips frå 70-talet.
Føl med Om att på Facebook!
Adr: Hafstadv. 41, Sentrum Sør (ved Esso), tlf. 90948036.





# UTSTILLARAR PÅ ALLHUSET





### HILDEGUNN OG RANDI SORTLAND

Strikka og hekla kjolar, luer, bukser m.m. Alt laga av Hildegunn Sortland som er ny utstillar i år.

Randi Sortland (frå Nyttingnes) har gitt ut boka GLADE ELEVAR, Boka har blitt godt mottatt blant folk i alle aldrar. Til sals for 200 kr.





### HILDE BUER - SØRVÆRET VILLSAU

Villsaubonde som stiller med vakre skinn av villsau. Nydelege, varme skinn for kalde dagar.

# UTSTILLARAR I SENTRUM

### HOLMØYANE SELETØY

er ei lita salmakar bedrift lokalisert mellom Nordfjordeid og Stryn. Det er 36 år sidan Vilfred Nilsen starta bedrifta som i hovudsak produserer alt slags seletøy for hest, men også diverse utstyr for storfe og hund. Hovudmaterialet er lær, men enkelte ting vert også produsert i nylon. Vilfred Nilsen har med seg sonen Leidulf Nilsen og Frøydis Torvik Wichne i produksjon og produktutvikling, og alle tre har god tru for at det vil være rom for det gamle, stolte og solide handverket også i framtida. Lik oss på Facebook, så får du oppdateringar om kor vi er på reise og om produkta våre.

Holmøyane Seletøy, 6779 Holmøyane
Tlf: 913 98 256 / 907 67 124
Epost: holmoyaneseletoy@gmail.com
http://www.holmoyaneseletoy.com



*Arbeidssele med ringpute og polstra Holmøyhøvre. Her vist på lettdølen og travaren Hvalstad Jerven.*



*Kløv til alle størrelsar hest for dei som likar å ha med seg hesten på tur i fjell og mark.*



*Trekksele til hund. Her vist med skåkreimer, men også levert med V-line og 5 m trekkline i nylon. Ein enkel og praktisk patent for den som ynskjer 2-spann.*

## BRITO SPEKEMAT

Odd Birger Jensen er eigar av Brito Spekemat. Han tek med seg mange gode spekematprodukt og kjem på Eikefjorddagane.



## ANNE-KARIN ALME – TUPPERWARE

I 15 år har ho reist til heimar rundt omkring for å vise siste nytt i Tupperware. Først var det ein hobby, så halvtidsjobb og no jobbar ho som konsulent på heiltid.



## FASADEPRODUKTER

Din totalleverandør innan solskjerming. Kom til deira stand og avtal gratis synfaring. Dei kjem når det passar deg!




## SELJE SPORT OG FRITID

har som motto å selje kvalitetsprodukt til forbrukarvenlege prisar. Firmaet blir drive som eit lagerutsal og dei har dei fleste varene på lager. Dei fører sko og sportskle frå merket Saucony for bruk til fritidsaktivitar/konkurranse. Om du besøker deira stand på Eikefjord-dagane vil du kunne sjå deira produkt og gjerne få eit godt tilbod.
Sjå også: www.seljesport.no

Strandgata SPORT

**STRANDGATA SPORT** leverer kvalitetssyklar til alle behov, har ein fullt utbygd sykkelverkstad og reparerer alle typar syklar.
Ved kjøp av sykkel hos Strandgata Sport får du desse fordelane:

- Prøving av sykkelen - før kjøp
- 1. service gratis. (evt. delar må betalast)
- Reparasjonar - eigen verkstad
- Rikt utval av kvalitetsdelar alltid på lager.

# UTSTILLARAR I LOKALA TIL TRIMBUA

## KUNST OG HANDVERK FRÅ SOGN

*Gjengen frå Sogn deltek på Eikefjorddagen for andre gong. Dei kjem med mange ulike produkt - både kunst og kunsthandverk.*





## ASTRI TOVE HAUG - BILDER OG RAMMER

Astri Tove Haug har bilete- og rammebutikk i Sogndal. Arbeider med grafikk, teikning og måling. Har delteke på ulike separat- og kollektivutstillingar. Er mellom anna innkjøpt av Norsk Kulturråd.



## SIGNE FORTUN WEKA – AKVARELL

Signe Fortun Weka har dei siste åra hatt mange utstillingar i Noreg, på Svalbard og i Irland. Dei siste åra har ho undervist i akvarellmåling. Signe hentar særleg motiva sine frå fjellområda Luster, gamle hus og stølar, blomar og fjord.



## KRISTIN SCHEI – TEKSTILARBEID

Kristin Schei jobbar i barnehage. I mange år har ho vore ein del av vevstova til Husflidslaget i Sogndal. Ho har delteke på fleire kurs. Dei tidkrevjande vevde løparane i lin er blitt populære produkt. Kristin tek imot bestillingar på fargeval og mønster.



## LEIF GUNNARSKOG – TREARBEID

Snikkar av yrke. På fritida driv han med dreiing og treskjering der han er sjølvlærd. Har hatt utstilling i Balestrand i samband med reiselivsmuseet. Leif Gunnarskog har dreia mange nye ting frå ulike trevirke funne i Sogn. Perfekt som sommarminne, eller som gåver det ikkje finst maken til - i heile verda!



## ODDRUN MIDTBØ – TEIKNINGAR OG SKULPTUR

Oddrun Midtbø har drive si eiga bedrift i Sogndal i snart 30 år. Skribent, illustratør og fotograf. Arbeider i ulike teknikkar. Har også med skulpturar.

## BILUTSTILLARANE PÅ EIKEFJORDDAGANE 2014:

AutoForum:
- stiller med Ford og Nissan.
- Ta turen til AutoForum sin stand i sentrum!

Toyota Førde:
- stiller med Toyota.
- Ta turen til Toyota sin stand i sentrum!

**FLORØ AMCAR KLUBB** består av ca. 20 betalande medlemmar, og er open for alle som ønskjer å vere med. Klubben har halde på sidan 2010, og har fleire samlingar og cruisingar gjennom heile året, i tillegg til den store vårmønstringa kvar mai. Sjølv om vi har namnet Amcar-klubb er det ikkje nødvendig å ha amcar for å vere med, så lenge du har interesse for bil er du velkomen!

**AASE LANDBRUK AS** har sitt hovudkontor i Sandnes med avdelingar i Førresfjorden ved Haugesund, Hægeland i Vest-Agder og Sande i Sunnfjord. Firmaet er importør for McCormick traktorar. I tillegg har dei ein betydeleg reiskapsimport frå Danmark, Frankrike, Italia, USA og Polen. Aase Landbruk AS er også forhandlar for Lena Maskin og Cifi.

**TRYG SALGSSENTER (VEST ASSURANSE AS)**, 6900 Florø. Tryg er det nest største skadeforsikringsselskapet i Norden med aktivitetar i Danmark, Norge og Sverige. Deira forsikringar dekker blant anna arbeidsskade, bil, eigedom, lausøyre, transport, villa, ulukke og helse. Dei tilbyr for det meste forsikringar gjennom eigne sals- og servicekanalar samt gjennom partnerar som Nordea og AXA Corporate Solutions.

**HLF Flora/Bremanger** har stand på Eikefjorddagane laurdag 16. og søndag 17. august. Dei er tilstades med ein informasjonsstand, der ein kan treffast og få informasjon om det å ha eit høyrsleproblem. Som erfarne likemenn kan dei gje nyttige råd og tips tilknytta dette. Dei har med brosjyrer, og sel blant anna batteri til høyreapparat.


Møt oss på
Eikefjorddagane!
Vi viser Leaf – Qashqai – Focus – Kuga og Connect!
Velkomen til prøvekøyring!
DEN HEILT NYE FORD KUGA 4X4
Til dømes når du står der med hendene fulle, det regnar - og du berre rører på foten - så opnar Kugaen si bakluke seg for aller første gong. Det er ein slik augneblink...
ford.no
NISSAN
Elegante linjer, iauge-fallande design, dristige funksjonar. Nye NISSAN QASHQAI har alt.
AutoForum
Førde: 5783 0960
Florø: 5775 2930
Ford







### Hovudkunstnar ED 2014:

# Solveig Haukaas



## OPNING FREDAG 15. AUG. KL 18:00

Solveig Haukaas har gått i gullsmedlære i Bergen, og Bergen Kunsthåndverkskole. Ho har gått mange semester på Kunstskulen i Førde, og har i mange år hatt eigen verkstad i Balestrand.

Materiala ho bruker i arbeida sine er kopar med emalje, med innslag av 22 karat gull og emaljesølv.

www.solveighaukaas.no





www.pwc.no

**Samarbeid skaper ekte verdier**

*Vi har kontor i Førde, Florø, Måløy, Stryn og Sogndal.*



pwc

Kontakt oss gjerne:

| Statsautorisert revisor | Statsautorisert revisor | Siviløkonom | Advokat |
|---|---|---|---|
| Jan Flølo | Jan Ove Helle | Kjetil Myrland | Gunnar Bøyum |
| Tlf: 952 61 321 | Tlf: 952 61 333 | Tlf: 952 61 314 | Tlf: 952 61 313 |

**Ventilasjon • Fasade • Tak • Verkstedproduksjon**

norblikk.no

- med blikk for gode løysingar

Florø - 57742511 - post@norblikk.no - www.norblikk.no

iVest Consult

Rådgjevande ingeniører

**Strandgata 15 – Florø – Tlf: 976 27 000 – www.ivestconsult.no**

**TVERRFAGLEG RÅDGJEVING – BYGG – ANLEGG – INFRASTRUKTUR OG MILJØ**




## Nærtenesten og Sunnfjord Drift

# – er glade for å vere ein del av Eikefjorddagane

Renovatør gjennom mange år, Trond Høidal, har tømt tusenvis av containarar kvart år, og har slete ut 3 bossbilar. Nærtenesten har mange arbeidstakarar som sørgjer for at samfunnet fungerer om det er kvardag eller fest. Fest er det når Eikefjordingane dreg i gang deira festdagar, Eikefjorddagane. Dette er eit arrangement Nærtenesten – Sunnfjord Drift ynskjer å støtte.

Velvilje er avgjerande om Nærtenesten skal kunne sei ja til å sponse Eikefjordingane når dei steller i stand til fest. Dette blir eit av mange bidraga som gjer at folk motiverer seg til frivillig innsats.

Trond tykkjer det er hyggeleg å stille opp med sitt store smil og sin flotte bossbil. Nærtenesten set ut, tømer containerane undervegs i arrangementet, og tek dei med seg når arrangementet er slutt. Han er glad for å få bidra med ein jobb som er viktig for dei rundt han.

VAARDAL

BLIKK OG VENTILASJON

Skridsholsgate 4 • 6900 Florø • Tlf: 57 74 22 75
**post@vaardalblikkno • www.vaardalblikk.no**

# Florø Bil & Havneservice AS

**Strandavegen – 6900 Florø**
**Tlf. 57 74 05 30**

BOSCH Service

Mobil

• Vestnes ocean
• Vestnes land

VESTNES
NORWAY

Leirvåggt. 1, 6900 Florø - Tel 5775 2070
post@vestnesnorway.com - www.vestnesnorway.com

ADVOKAT

# Odd Bovim



ALLMENNADVOKATVIRKSOMHET I FLORØ

ARV/SKIFTE • RÅDGIVNING • PENGEKRAV • FAMILIERETT

ADVOKATFIRMA
BLIKRA, SLOTTERØY & FONN AS

Avd. Florø: Strandgt. 42, 6900 FLORØ
Tlf. 57 83 39 00 • E-post: odd.bovim@fylkesadvokat.no

## NY AKTIVITET:


Foto: Joachim Vie

# Klatring for born

**med instruksjon og sikring kvar dag. Florø Klatreklubb har regi.**

**Laur. 10.30-17 (lunsjpause 13-14)**
**Sun. 11.30-17 (lunsjpause 13-14)**

## FLORØ KLATREKLUBB

vart stifta i 2004 og har i dag rundt 70 medlemmar. Haust og vinter klatrar vi i Florø idrettssenter, med trening to dagar i veka.

Vår og sommar klatrar vi ute, både på etablerte sportsruter i Grytadalen, og på fjell i og utanfor Sunnfjord.

Våre medlemmer er høgt og lågt, totalt utan bakkekontakt!

***Nye medlemmar er hjarteleg velkomne!***

**www.floroklatreklubb.no**

– gjør det mulig

Kolkaia, 6900 Florø
Telefon 06001 - www.nordea.no

Nordea

Elektro-
entreprenør

Gjesdal
ELEKTRO AS

Storebru, 6941 Eikefjord
Telefon 909 68 461
gjesdal.elektro@online.no

bravida®

Treng du elektriker?
- ring 57 72 29 70

Bravida
Steinavegen 3
6800 Førde
forde@bravida.no
www.bravida.no



EIKEFJORD KYRKJE FREDAG:

# «Koriander» med vener

**Nei, det er av og til ingen vei tilbake – du må gjennomføre planen, og ofte viser det seg å vere eit godt val. Som no. Du har blitt litt nyfiken på kva dette er slags arrangement. Du vil vite meir.**

Er det ein tradisjonell kyrkjekonsert med åndelege songar, eller kva? Før vi røpar meir. Du er ein musikkelskar, ikkje sant? Likar å la tonane og harmoniane beruse deg – fylle kyrkjerommet. Visste du forresten at kyrkja er det beste konsertlokalet?

Eg merkar at du halvvegs har bestemt deg for å gå på konsert den 15. august, i Eikefjord kyrkje. Og du har ikkje høyrt Koriander før? Seriøst? Ja, men då må du jo berre komme. Vi er, som bileta viser ein seriøs, men uhøgtidleg gjeng som likar å lage musikk som svingar, får fram tårene og som set både oss sjølve og andre i godt humør.

Rett nok er vi amatørar, men når vi har med oss "The Band", husbandet vårt, føler vi oss nesten litt proffe.

I år tilbyr vi eit breitt spekter av gode gamle "hits" og folkekjære låtar. Frå heftige MGP-rytmar og klassiske perler til svingande gospeltonar og hekla stålstrengar. Var det ikkje det eg tenkte. Du har bestemt deg. Du kjem! Og då veit du – det er ingen vei tilbake… ☺

***Vi møtast på konserten då.***
***Eg skal sjå etter deg!***


Døskeland Marine AS
Du finn oss på Eikefjorddagane!
SUVI robåtar
Frå kr 10.990,-
BUSTER båtar
Klare til levering!
Sjølvlensande
ØIEN-båtar på lager
Teinehaler, Hobbyfisher frå kr 10.900,-
Kaisla
SUVI
Buster
YAMAHA
TA KONTAKT FOR EIN BÅTPRAT!
Hans Alexander Døskeland
Tlf. 958 66 866
alex@doskeland.net
Andreas Erdal
Tlf. 907 77 115
andreas.erdal@doskeland.net
Angedalsvegen 59, 6800 Førde - Tlf. 578 22 808 / 958 66 866
www.doskeland.net






### Gokart-oppvisning med eit av norges største talent

# Cedrik Fonn Skåre

Cedrik starta med gokart som 8-åring, og har sidan då tatt 2 gullmedaljar i norgescup, 2 sølvmedaljar i Nordeuropeisk meisterskap, 1 sølv i norgescup, 1 sølv i Scandinavian Cup, 3 sølv i svensk meisterskap og 1 bronse i Nordeuropeisk meisterskap. I 2013 kom han på 1. plass i Norgescup og på 2. plass i Nordeuropeisk meisterskap. **Kom og sjå Cedrik si oppvisning i sentrum laurdag kl 14.00.**

---

### Den komplette festopplevinga

# «Gran Prix»




